



## KYSTVERKET

Hovudkontoret

Justis- og beredskapsdepartementet  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.: 16/1243 EO OKL/bj      Vår ref.: 2015/2727-9      Arkiv nr.:      Sakshandsamar: Trude Blankholm Strømme      Dato: 27.05.2016

### Evalueringa av offentleglova - Høyring

Vi viser til dykkar brev av 25. februar 2016 der de ber om innspel og kommentarar til rapporten med evaluering av offentleglova utført av Oxford Research AS. I dykkar brev skriv de at høyringsinstansane samstundes kan kome med innspel om eventuelle behov for lov- og forskriftsendringar på området.

Offentleglova og vegleiar til lova fokuserer på det tradisjonelle dokumentomgrepet, noko som er relativt enkelt å handtere. For Kystverket er innsyn i databasar der dokumentet er bilete og andre type data også eit viktig tema. Det same gjeld krav om innsyn i databasar som omfattar ei rekkje ulike typar informasjon, til dømes loggar knytt til operativt tilsyn og myndigheitsutøving.

Kystverket ønskjer at det vert eit tydelegare fokus på den digitaliseringa som skjer i forvaltninga og som fører til at data flyt mellom forvaltningsorgana på ein heilt annan måte enn tidlegare. Døme på dette er lukka databasar som er etablert for å forbetre informasjonsutvekslinga mellom offentlege organ, og som kan omfatte store mengder med informasjon av ulike slag.

Det kan også vere behov for ei nærmare presisering av forholdet til skriftleg kommunikasjon som går føre seg på SMS og sosiale media som Facebook. Dette gjeld til dømes førespurnader som skjer på Facebook-sida til eit forvaltningsorgan, intern kommunikasjon på SMS og chat-tenester slik som Skype.

Ein grunnleggjande føresetnad for at formålet med offentleglova kan verte oppnådd, er at anna regelverk som gjeld sakshandsaming og arkivering i offentlig forvaltning vert følgd. Frå eiga erfaring i Kystverket ser vi at dette er ei utfordring.

I nokon tilfelle har det offentlege behov for å skaffe seg data frå kommersielle aktørar, til dømes data frå automatisk identifikasjonssystem (AIS) eller andre type data som gjer etaten meir rusta til å utføre offentlege oppgåver. Etaten vil då ikkje få tilgang til dataa utan å inngå kommersielle avtalar som avgrensar høvet til vidareformidling av data. Det bør avklarast om det er lovleg for organet å inngå slike avtalar, sjølv om dataa etaten mottek ikkje kan verte unntatt offentlegheit etter unntaksføresegnene i offentleglova.

Føringane som er lagt på offentlig forvaltning om å offentleggjere postjournalane, har ført til ei positiv utvikling når det gjeld publisering av myndigheitsutøvinga til forvaltningsorgana. Kystverket innfører fullpublisering av alle offentlege dokument frå 1. juni 2016, noko som er ei direkte følgje av offentleglova og praktisering av meiroffentlegheit.

#### Stab for interne tjenester

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no

For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242
----------------------	-------------------	-----------	---------------	----------	----------------

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Kystverket har ellers ingen kommentarer til rapporten med evaluering av offentleglova utført av Oxford Research AS.

Med helsing

Kirsti Slotsvik  
kystdirektør

Lidvard Måseide  
stabsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og inneheld difor ikkje handskrivne underskrifter*

Kopi til: Samferdselsdepartementet